



Harald sætre slik vi kjenner han. til rors på DS STORD.

**Harald Sætre, ferjeentusiasten frå Uskedalen, er på føredragsturne i Sunnhordland. Det er biblioteka i regionen som har engasjert Sætre. Tittelen på føredraget er Dei kom tilbake - om veteranferjer og fjordabåtar i Hordaland. Turneen starta i Austevoll med samling i Bekkjarvik i går. I kveld står Bømlo og Bremnes for tur. I morgon, onsdag 30. januar kl. 18 er Harald Sætre klar for biblioteket på Husnes. Turneen vert avslutta på Leirvik 6. februar.**

Innhaldet i framstillinga hans er historikken til dei veteranferjene og fjordabåtane som er tekne vare på i Hordaland. Han vil dra dei store linene i utviklinga i overgangen frå damp til motordrift. HSD som ruteselskap vert sjølvsagt vektlagd.

Harald Sætre har store kunnskapar om lokal rutefart. Han har heilt frå barndomen synt stor interesse for skipsfart og lokalrutebåtane på Vestlandet. Han har i heile sitt vaksne liv vore aktiv i Veteransskipslaget Fjordabåten. Harald Sætre er pensjonist, bur i Indre Arna og har feriebustad i Uskedalen.



Harald Sætre har lagt ned eit stort frivillig og ulønna arbeid for å ta vare på veteranferjer og lokale rutebåtar i Hordaland, her saman med Reidar Myklebust og Svein Rimestad.

Harald Sætre er eigar av ei stor kulturhistorisk samling, foto og historiske dokument, knytta til HSD, rutebåtar, ferjer og om samferdsle tilbake i tid. Sætre vert ofte brukt som referanse og kjelde i faktaspørsmål om lokal rutefart. Han er forfattaren bak desse bøkene:

- Damp diesel og pågangsmot
- Fram og tilbake over fjorden
- Fram og tilbake til by'n
- 61 VETERANBÅTAR PÅ VESTLANDET

Uskedalen.no vil oppmoda alle som har høve til det, å ta turen til biblioteket på Husnes i morgon, onsdag kl. 18.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal